



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Stranda kommune.

Stranda Energi AS - søknad om auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk. Konsesjonspliktavurdering.

Stranda Energi AS ønskjer å utvide Fausa kraftverk. Tiltaket inneber å skifte ut og grave ned trykkrøret og å rehabilitere eitt aggregat. Slukeevna vil auke frå 2,6 til 3,3 m³/s . Ytinga vil auke frå 7,2 til 9,2 MW og produksjonen frå 38,0 til 44,4 GWh.

NVE ber Fylkesmannen vurdere i kva grad tiltaket vil få verknader for kjende ålmenne interesser, og å vurdere tiltaket i høve til si sektorlovgiving.

Merknader

Biologisk mangfald

Det er registrert eit hjortetrekk over Fausaelva omtrent der dagens røyrgate kjem ut av tunellen. Nedgraving av nye trykkrøyr og fjerning av den gamle røyrgate vil slik sett vere positivt. Ut over dette kjenner vi ikkje til registrerte naturverdiar i tiltaksområdet (Naturbase og Artskart).

Akvatisk miljø

Nysætervatnet er i dag regulert 13,0 m (kote 320,8 til 333,8). Det er ikkje søkt om endringar i reguleringsmagasin eller eksisterande overføringer. Vasstanden i Nysætervatnet vil bli endra marginalt i normale og våte år i forhold til dagens regulering. Med auka slukeevne kan meir av flaumvatnet nyttast. I tørre år vil vasstanden særleg i april-mai og juli vere lågare.

Nysætervatnet (098-1957-L) er i Vann-nett vist som sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) med risiko for at ein ikkje kan oppnå god økologisk tilstand (GØT). Påverknaden er «dammar, barrierar og sluser for vasskraftproduksjon». Det går fram at skal ein oppnå GØT må anlegget leggst ned, men at dette ikkje er samfunnsmessig gjennomførbart. I rapport frå Rambøll i 2014 blir det vist til at det er låge verdiar av både næringsalter og planteplankton i vatnet: «Dette til tross for at det truleg er ei monaleg avrenning frå mini-reinseanlegg og hytter nær vatnet. Ei forklaring på dette kan vere at vassutskiftinga er god gjennom store deler av vassøyla då vatnet blir tappa ned jamnleg på grunn av kraftverket». Vatnet vart prøvafiska i 1994 og viste den gong at røye- og aurebestandane var for

store. Vi kjenner ikkje til korleis bestandane er i dag. Fylkesmannen kan likevel vanskeleg sjå at det omsøkte tiltaket vil endre tilstanden i vatnet vesentleg i forhold til dagens regulering.

I gjeldande konsesjon er det ikkje krav til slepp av minstevassføring til Fausaelva. I følge søknaden er det ein avtale mellom kraftverket og Stranda og Sykkylven kommunar om at ein skal unngå å tappe ned vatnet lenger enn kote 332,3 i perioden 15.6-1.10 i normale tilsigsår. Dette kan ein halde fram med, utanom i tørre år.

Fausaelva (098-76-R og 098-075-R) er i Vann-nett vist som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) og det er ikkje lagt inn tiltak. Elva har vore regulert i snart 70 år og er i periodar nærare tørrlagt. Dette gjeld særleg nedre del av vassdraget (nedanfor Bruna (kote 248)). Konsekvensane av oppgraderinga vil vere at desse tørre periodane kan bli litt lengre.

Fausaelva mellom Nysætervatnet og Bruna er eit vassdragsavsnitt med fint potensiale for m.a. lokal bekkeare. I moderne vassforvaltning bør det vere krav om nok restvassføring til å sikre økologien i vassdraget. Slik sett burde det vore krav om minstevassføring her. Vi er klar over at dette først kan fremjast gjennom innkalling til revidering av konsesjonen, med mindre kraftselskapet på eige initiativ vel å sleppe vatn. Vi registrerer at selskapet ikkje har foreslått det.

Friluftsliv/landskap

I våre eldre registreringar om friluftsliv (FRIDA-basen) er området sør for Fausaelva vist som regionalt friluftsområde. Dette er eit større fjellområde, som også inkluderer skianlegga på Strandafjellet og fjellområda rundt dette. Det er god tilkomst frå Fausadalen og sørover inn i dette området. Vi kjenner elles ikkje til andre friluftsverdiar enn dette, ut over det som kort er omtalt i søknaden.

Dagens regulering er negativt for friluftslivet rundt vatnet. Om vinteren er det ikkje trygt å ferdast på isen og i sommarhalvåret er strandsona varierende. Ei frivillig ordning med mindre regulering i sommarhalvåret kan halde fram, med unntak av i tørre år. Slik sett vil ikkje tiltaket ikkje føre til vesentlege endringar for friluftslivet.

Tiltaket inneber at nye trykkrøyr blir lagt i grøft dei øvste 2550 m. Vi føreset at det gamle frittliggende røyret skal fjernast. Dette vil vere positivt for friluftslivet og landskapsopplevinga.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt handsaming etter forureiningslova.

Samfunnstryggleik

Areala langs Fausaelva og sideelver er registrert i NVEs aktsemdsdatabase for flaum. Dette er ei generalisert kartframstilling med låg nøyaktigheit. Det bør uansett lagast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for tiltaket.

Konklusjon

Med bakgrunn i den kunnskap vi har om området kan vi vanskeleg sjå at tiltaket rører ved ålmenne interesser i ein slik grad at vi vil krevje konsesjonsbehandling.

Vi ser heller ikkje at tiltaket treng særskilt behandling etter våre sektorlovverk.

For å reparere på skadane i Fausaelva med, nesten 70 års delvis tørrlegging av vassdaget, vil vi rå kraftselskapet om å vurdere slepp av minstevassføring.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STRANDA KOMMUNE
Møre og Romsdal
fylkeskommune

Øyna 13	6200	STRANDA
Fylkeshuset	6404	MOLDE